



FINANSTILSYNET

THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY

Rundskriv

Forsikringsagentane si informasjonsplikt om provisjon

RUNDSKRIV:
10/2013

DATO:
04.11.2013

RUNDSKRIVET GJELD FOR:
Livsforsikringsselskap
Skadeforsikringsselskap
Forsikringsformidlarar

FINANSTILSYNET
Postboks 1187 Sentrum
0107 Oslo

Rundskrivet gjeld Finanstilsynets tolking av forsikringsagentane si informasjonsplikt om provisjon og anna godtgjering som agenten mottek frå forsikringsselskapet.

1 Rettsleg utgangspunkt

I forsikringsformidlingsforskrifta 9. desember 2005 nr. 1421 § 3-1 første ledd nr. 4 a) går det fram at forsikringsformidlaren skal gi informasjon om

*størrelsen på provisjon og/eller annen godtgjørelse som
forsikringsformidlingsforetaket mottar fra forsikringsgiveren i tilknytning til
inngåelsen av avtale om angeldende forsikring*

2 Informasjonskravet

I tilfelle der agentforetaket mottek ein del av premien eller eit kronebeløp knytt opp mot kvar enkelt forsikringsavtale, skal føretaket informere om enten det faktiske kronebeløpet som agenten mottek i provisjon eller ein prosentsats. I tilfelle der provisjonen blir kunngjort som ein prosentsats, er det viktig at det går tydeleg fram for forsikringstakaren kva for beløp som er grunnlaget for berekning av provisjonen. Agentføretaket skal informere om den konkrete provisjonen som agenten mottek frå selskapet. Det er ikkje tilstrekkeleg å nemne provisjonen som eit intervall.

Informasjonsplikta gjeld alle typar godtgjeringar og fordelar eit agentføretak mottek frå forsikringsselskapet for forsikringsformidlinga. Det vil ikkje ha betydning kva godtgjeringa/ytinga blir kalla. I dette rundskrivet blir det nytta omgrepet *provisjon* om alle typar godtgjeringar/fordelar.

Finanstilsynet legg til grunn eit prinsipp om vesentlegheit (sjå under) slik at det vil vere lågare krav til konkret informasjon om beskjedne godtgjeringar/fordelar.

3 Indirekte provisjonar

Informasjonsplikt gjeld alle provisjonar som agenten mottek frå forsikringsselskapet for forsikringsformidlinga, også provisjonar som ikkje er direkte knytte opp mot ein konkret forsikringsavtale, men mot porteføljen, forsikringsformidlingsverksemda i seg sjølve m.m. Eksempel på denne typen provisjonar er presenterte i punkta 3.1, 3.2 og 3.3 under.

3.1 Volumbonusar og provisjon for lønsemnd

Volumbonus er ein avtale om at agenten får høgare provisjon dersom salet i ein periode overstig eit nærmare nemnd nivå. Provisjon for lønsemnd er ein bonus som ein agent mottek

dersom skadeomfanget i ein portefølje kjem under nærmare fastsett nivå. Dette er provisjonar som det på informasjonstidspunktet kan vere usikkert om agenten vil få, og kva for beløp det eventuelt dreier seg om. For denne typen provisjonar skal agenten opplyse om korleis provisjonen blir utrekna.

3.2 Dekning av utgifter og naturalytingar

I saker der eit forsikringsselskap dekkjer heile eller delar av husleiga til agenten, skal det vere opplyst om dette. Det skal òg opplysast om agenten har fordelar ved at husleiga er lågare enn marknadsleige og om andre fordelar/utgiftsdekningar som agenten får av selskapet. Dette kan dreie seg om bruk av datasystemet til selskapet, sentralbord og kantine, og dekning av lønsutgiftene til agentføretaket.

Agentføretaket skal informere om kva for utgifter eller ytingar som selskapet dekkjer. Det er normalt ikkje nødvendig å oppgi beløp sidan dette normalt utgjer ein låg del av inntekta til agentføretaket. Dersom denne typen provisjonar utgjer ein vesentleg del av inntekta til agentføretaket, vil kravet til detaljering auke som følgje av vesentlegprinsippet, jf. omtale under.

3.3 Mindre bonusar (påskjønningar)

Det hender at agentar får mindre bonusar/påskjønningar, som turar eller gjenstandar ved nærmare bestemte oppnådde mål. Dette kan for eksempel vere når ein har nådd eit salsmål. Denne typen provisjonar vil i utgangspunktet vere omfatta av informasjonsplikta. Finanstilsynet antek at dette dreier seg om marginale beløp og viser til vesentlegprinsippet som er omtala under.

4 Vesentlegprinsippet

Dess høgare del av det som agenten mottek frå forsikringsselskapet som kjem frå aktuelle provisjonsartar/-typar, dess større vil kravet til presis informasjon vere. For eksempel vil det vere mindre krav til presis informasjon om ein liten salsbonus enn til informasjon om provisjon ved nysal.

5 Tidspunkt for når føretak skal gi informasjon

I forskrifta § 3-1 første ledd første punktum går det fram at føretaket skal gi informasjon om provisjon på same måte før ein forsikringsavtale blir inngått, ved seinere endringar og ved fornyingar av avtalane. Derfor skal føretaket gi informasjonen allereie i tilbudsfasen. Dersom provisjonen har endra seg frå tidspunktet for tilbodet til teikning, skal føretaket òg gi

informasjon i samband med teikninga. Finanstilsynet meiner det vil vere beste praksis alltid å informere om provisjon ved teikning, sjølv om provisjonen ikkje har endra seg frå tilbodet.

6 Kommuniserbare provisjonsavtalar

Hovudføremålet med informasjonsplikta er at forsikringstakar på ein enkel og oversiktleg måte skal kunne sjå kva for type provisjon/godtgjering og kva for andre fordelar ein agent får frå forsikringsselskapet. Det er derfor viktig at informasjonen er tydeleg. Dersom agenten og forsikringsselskapet har avtalt ein provisjonsstruktur som ikkje kan formidlast til forsikringstakarane på ein lettfatteleg måte, må avtalen endrast.

7 Agenten si tilknyting til forsikringsselskapet

Forskjellige typar agentføretak har ulik grad av tilknyting til forsikringsselskapet det har avtale med. Multiagentar har avtale med fleire selskap, gjerne utanlandske, og tilknytinga til selskapet kan vere svak. Andre agentar har berre avtale med eitt selskap, og fungerer i praksis som eit avdelingskontor for forsikringsselskapet. Reglane om informasjonsplikt gjeld for alle typar agentføretak uavhengig av tilknyting til forsikringsselskapet.

Emil R. Steffensen
direktør bank- og forsikringstilsyn

Runa K. Sæther
seksjonssjef

Kontaktpersonar:

Seniorrådgivar Geir David Johannessen, tlf. 22 93 97 51,
e-post: geir.david.johannessen@finanstilsynet.no

Seniorrådgivar Hege M. Bogstrand, tlf. 22 93 99 72,
e-post: hege.m.bogstrand@finanstilsynet.no

Førstekonsulent Ingerid Boge, tlf. 22 93 99 48,
e-post: ingerid.boge@finanstilsynet.no

FINANSTILSYNET
Postboks 1187 Sentrum
0107 Oslo
POST@FINANSTILSYNET.NO
WWW.FINANSTILSYNET.NO